
Fra: Kirsti Årøen Lein [mailto:kirstilein@gmail.com]
Sendt: 19. august 2014 22:29
Til: Postmottak KUD; Tvitekkja Sigfrid
Emne: Høyring om stadnamnlova

Levanger Mållag vil gjerne kome med høyringsinnspel til evt. endring av stadnamnlova:

Slektsnamn med opphav i gards- eller bruksnamn blir ofte skrivne slik desse vart nedteikna til dansk av prestar og futar på 1500–1800-talet, medan stadnamna følgjer lokal uttale og dagens skrivereglar.

Vi ser fleire uheldige konsekvensar av å gjere det lettare for kvar enkelt grunneigar å ha det avgjerande ordet for skrivemåten til eit gardsnamn:

- Det verkar forvirrande og rotete med mange ulike skrivemåtar av bruksnamn med opphav i same gardsnamn, t.d. Vik, Wiik, Vig, Vigh osv.
- Forvanska skrivemåtar som ikkje støttar opp om lokal uttale av eit stadnamn, kan fort føre til at uttalen endrar seg, og stadnamnet som kulturminne blir borte.
- I mange tilfelle kan det vera vanskeleg å skilja mellom gard og bruk.
- Det kan vera tvil om kva som skal godtakast som «offentleg bruk» av eit namn, og som kan danne grunnlag for å endre skrivemåten av namnet på bruket.
- Det at brukaren skal avgjera namnet på bruket, kan føre til at eit bruk får endra skrivemåte frå ein generasjon til neste.

Dei norske stadnamna, inkludert gards- og bruksnamn, er vår felles eige. Levanger Mållag meiner at stadnamnlova slik ho er i dag, forvaltar gards- og bruksnamn på ein framifrå måte. Ho vernar om namna som kulturminne og sikrar den lokale uttalen, som er ein del av kulturarven vår. Vi ber derfor Stortinget om ikkje å gjera endringar i stadnamnlova, men halde på namnefastsetjinga slik ho er i dag.

For styret i

Levanger Mållag

Kirsti Årøen Lein